



Geir Hoff Johannessen  
J L Mowinckels vei 115  
5145 FYLLINGSDALEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1580 - 18/13239

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
21.06.2018

## Avklaring av søknadsplikt - Fôrflåte ved kjeppvikholmen

Administrasjonen viser til førespurnad om søknadsplikt ved oppankring av fôrflåte ved oppdrettsanlegget ved Kjeppvikholmen.

Flytande akvakulturanlegg i sjø som er gitt løyve (konsesjon) etter akvakulturlova er fritatt frå søknadsplikt etter plan- og bygningslova (pbl), jf Byggesaksforskriften (SAK10) § 4-3, første ledd bokstav (f). For slike tiltak er tiltakshavar sjølv ansvarleg for å følgje relevante tekniske krav og krav til produkter til byggverk, jf pbl §§ 29-5 og 29-7. Bygning som inngår i slikt anlegg er i følgje rettleiaren til bokstav (f) likevel ikkje fritatt frå søknadsplikten. Problemstillinga blir om fôrflåten må vurderast som ein del av det flytande akvakulturanlegg, eller som ein bygning som ikkje er omfatta av fritaksheimelen i SAK10 § 4-3.

Administrasjonen har innhenta gjeldande akvakulturløyve for lokalitet 11652 frå Hordaland Fylkeskommune. Vidare er det innhenta uttale frå Blom Fiskeoppdrett AS, samt opplysningar og illustrasjonar av fôrflåten.

Gjennom akvakulturløyve datert 12.01.2018 er plassering av fôrflåte vist på godkjent kartvedlegg. Flåten er soleis godkjent som ein del av det flytande anlegget og naudsynt for drift av dette, sjå vedlegg. Illustrasjonar og teikningar innsendt av tiltakshavar (henta frå HKVA group ASA, Håndbok for Fôringflåter) dokumenterer etter administrasjonen sitt syn at det ikkje er tale om ein konstruksjon som det vil vere naturleg å omtale som ein bygning, men ein flåte/båt.

Administrasjonen vurderer med denne grunngeving tiltaket som fritatt frå søknadsplikt etter plan- og bygningslova i medhald av SAK10 § 4-3 bokstav (f). Det er ikkje grunnlag for ytterlegare oppfølging av saka frå kommunen.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

AKVA group ASA Håndbok Fôringsflåter Rev 1  
Vedlegg 2 - 150759-01\_GA  
Akvakulturløyve Kjeppvikholmen 12.01.2018

**Kopi til:**

Martin Blom

**Mottakere:**

Geir Hoff Johannessen

J L Mowinckels vei 5145  
115

FYLLINGSDALEN